



Norsk språkråd  
Postboks 8107 Dep  
0032 Oslo  
[nynonemnd@sprakradet.no](mailto:nynonemnd@sprakradet.no)

Dykkar ref.: 11/135-1  
Vår ref.: 2011/225  
Dato: 22.2.2011  
Side 1 av 2

## Høyringssvar om revisjon av nynorskrettskrivinga

Norskmiljøet ved Avdeling for lærarutdanning og naturvitenskap ved Høgskolen i Hedmark har drøfta framlegg til ny rettskriving for nynorsk. I miljøet er det ulike syn på kor ønskjeleg det er med ei strammare norm, men vi legg til grunn at nemnda som står bak framlegg, har hatt i oppdrag å lage “ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk”. På det grunnlaget har vi tatt stilling til dei spørsmåla nemnda særleg ber om synspunkt på.

### Vi står desse endringsframlegga:

- Berre *-leg*, ikkje *-lig* (*endeleg*, ikkje *endelig*)
- Berre *-stilling*, ikkje *-stelling* (*framstilling*, ikkje *framstelling*)
- Valfri *j* i verb som *leggje/legge* og *sökje/søke* og svake hokjønnssord som *bryggje/brygge* og *enkje/enke*.
- Former med diftong blir eineformer i ord som *drøyme*, *høyre* og *køyre*
- Former som i dag har hovudform med dobbel konsonant og klammeform med enkel, skal i dei fleste tilfelle berre ha forma med dobbel konsonant i den nye rettskrivinga (*ramme*, *danne*)
- Kløyvd infinitiv (*vera/tenkje*) går ut av rettskrivinga
- I-mål (*sola [sol]* (bunden form eintal), *husa [husi]* (bunden form fleirtal)) går ut av den offisielle norma.

### Vi står ikkje desse framlegga:

- Valfri samsvarsbøyning i perfektum partisipp av svake verb. (*Dei er presenterte/presentert*). Obligatorisk samsvarsbøyning i perfektum partisipp av sterke verb (*Dei er frosne*). [Grunngjeving: Vi meiner at eit gjennomført system med samsvarsbøyning er enklast.]



- *Dykk* som subjektsform vert jamstilt med *de*. [Grunngjeving: Det er sterkt tradisjon for berre *de* i skrift. Å innføre ei alternativ subjektsform vil komplisere rettskrivinga.]
- I nokre høgfrekvente ord gjer nemnda framlegg om å stryke dei jamstelte formene *skole* og *mye* saman med klammeformene [*noe(n)*] og [*bare*]. [Grunngjeving: Det er sterkt tradisjon i skrift for forma *skole*, og *mye* er òg ganske frekvent.]

På vegne av norstkilmiljøet ved Høgskolen i Hedmark

Anne Marit Vesteraas Danbolt  
Instituttleiar  
Institutt for humanistiske fag